

Bjørn Ove Myking
5937 Bøvågen

Radøy kommune
5936 Manger

SPØRSMÅL TIL SPØRJETIMEN 19. MAI 2016!

Spørsmål ang. Stoda for «Hordabøheimen» !

I KS 02/12-2015 : Byggesak gbnr 24/86 - Bø/Hordabøheimen - asylmottak - mellombels dispensasjon frå arealføremål og parkeringskrav.

Vart det gjort følgjande vedtak:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 19-3 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremål Offentleg i reguleringsplan for Nordbø på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels og gjeld for 6 år.
2. Det skal setjast opp gjerde for å skilja næringseigedomen sitt uteområde frå skulen sitt uteområde.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 19-3 vert det gjeve dispensasjon frå krav til parkeringsdekning etter Kommuneplan for Radøy kommune pkt. 2.7.7 på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels og gjeld for 6 år.
2. Det skal etablerast minimum 10 parkeringsplassar på eigen grunn eller i umiddelbar nærleik. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga. Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland og naboar som har hatt merknad i saka for klagevurdering.

Kommunestyret vil sikra tiltak for dei mjuka trafikantane, og særleg for barnehage og skule, skal det snarast lagast ein plan innbefatta tiltak med hovudmål å sikra mot farlege og uønska hendingar i vegområdet og trafikken til og frå skule /barnehage. Planen skal godkjennast av hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk, og eventuelle tiltak skal gjennomførast i første halvår i 2016.»

Mine spørsmål er:

Korleis er stoda for «Hordabøheimen» no etter at da ikkje vart noko av «asylmottaket» og at det er per no definert som «asylmottak» og derfor ikkje kan brukast til noko anna, jmf. KS-vedtak med vilkår?

Ettersom vedtaket vart gjort av KS, er det då slik at KS må gjera nytt vedtak for «arealføremålet og parkeringskrav» og eventuelle andre krav for at «Hordabøheimen» kan takast i bruk til anna enn «asylmottak»?

NB! Eg håpar at det vert aktivitet i «Hordabøheimen» att, men at alt er «klarert og godkjent» for det den skal brukast til, før den vert teken i bruk!

Bøvågen, den 11.mai 2016

mvh

Bjørn Ove Myking

